

Uthella kailag  
v/Torbjørn Ellingsen  
Radøyvegen 2158  
5936 MANGER

Uthella, 13.10.2014

Radøy kommune  
v/rådmann Jarle Landås  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

### Utbygging ved Hella kai

Styret i Uthella kailag ønskjer å vere informert om byggeplanar på tilgrensande eigedom gnr. 32/bnr.14, no samanslått med gnr.33/bnr.86.

Bakgrunn for denne førespurnaden er følgjande: Ved eit tidlegare høve, i 2012, fekk eigarane av Uthella kai og områda rundt, ikkje nabovarsel ved søknad om byggeløyve på 32/14- 33/86. Den gangen fekk vi kjennskap til saka «ved tilfelle», og fekk levere våre synspunkt på ettertid i brev datert 20.07.12. Våren 2014 erfarte vi at synspunkta våre ikkje var tatt til følgje og gjort kjend for utbyggar, denne gang Majo eiendom. I brevet frå 2012 vert det m.a. presisert at utbygging på 32/14- 33/86 ikkje må vere til ulempe for grunneigarane av Hella kai og naustområde, eller for ålmenta. Spesielt med tanke på at kaien er av eldre dato og ikkje tåler tungtransport eller inngrep. Likevel erfarte vi endå ein gong at vi fekk kjennskap til utbyggingsplanar «ved tilfelle». Planane til utbyggar var å gjere inngrep i kaien med septiktank og leie kloakken vidare ut gjennom eit av båtopptrekka på felleseigedommen vår. Dette har vi hatt korrespondanse med Radøy kommune ved teknisk forvaltning om, via advokat Nina Kibsgård. Vi vil som bakgrunn for brevet her, vise til denne korrespondansen og til brevet vårt av 20.07.12.

Aktuell situasjon: Uthella kailag har endå ein gong høyrte «på bygda» om inngrep på eigedommen vår ved leing av kloakk til sjø. Vi er endå ein gong ikkje informert verken frå utbyggar eller frå kommunal eining. Vi vil med dette etterspørje planar for kloakkutlepp frå eigedommen 32/14. Dessutan vil vi peike på at Hella meieri interesselag framleis eig parsellen 33/22. Denne eigedomsretten er knytta til bruka i bygda og er ikkje til sals.

Vi ønskjer at Radøy kommune ved teknisk forvaltning skal vere informert om eigedomstilhøva i sjøområda våre, slik at vi kan unngå fleire interessekonfliktar i området. Slike konfliktar er stor kostnad både for offentleg forvaltning og kailaget sin økonomi. Begge delar er ressursar som heller kan brukast på konstruktive tiltak. Derfor følgjande informasjon om historikk og kva dette har å seie for notida.

Informasjon: Uthella kailag ønskjer å ta vare på den gamle kaien som truleg vart bygd tidleg på 1900-talet. I utskiftingsdokumenta, tinglyst i 1916, vert det vist til «dampskipsbryggja», som allereie var bygd. Kaien vil vere av interesse for Radøy kommune sin kulturminneplan. Rutebåten hadde anløp ved Hella kai heilt fram til midt på 1960-talet. Sidan har bygdefolket halde kaien ved like utan å gjere inngrep som strir mot bevaring. Den gamle kaien er «ei perle» med kulturhistorisk verdi. Vi som bur her, har sterk tilknytning til kaien. Vi er glad for at bilete av kaien vår er lagt til Radøy kommune sine nettsider i presentasjon av kurs i kulturminneregistrering.

Naustområdet «Sjøtræ» er fordelt mellom 5 av bruka, medan 5 andre har sine naust lengre nord, kalt «Nordnaustene», og ein har naust på eigen grunn. Gunn Åse Grindheim skilte ut sin part i 2005.

Tilsaman er vi 12 grunneigarar. Dei felles naustområda og «notevollane», ein ved Nordnaustene og ein parsell like nordom kaien (32/17), er òg ein del av det Uthella kailag har som oppgåve å ivareta interessene til. Uthella kailag har eksistert sidan kaien var ny. Noverande eigarar reetablerer kailaget for registrering i Brønnøysundregisteret.

Meieridrifta på Hella vart i 1916/17 flytta til kaien for å vere nærmare rutebåten med frakt av meieriprodukta til Bergen. Vi ser av dei gamle skylddelingsdokumenta og skøyta at Hella Meieris interesselag kjøpte parsellen 32/14 av grunneigarane på Uthella. I tillegg kjøpte interesselaget nr.33/22, skilt ut frå bruket 33/9. I skøytet på 32/14 vart det gjort ein «gjenkjøpsavtale» om at dersom meieridrifta vart lagt ned, skulle Uthella gard ha rett til å kjøpe eigedomen tilbake. Det skjedde i 1963. Vidare er historia slik at 32/14 vart seld til Reidar Rossnes i 1965. Samtidig med dette salet har Hella Meieris interesselag skilt ut ein parsell av 33/22 til Reidar Rossnes (33/86) og ein parsell til Martinus Grindheim (33/87). I skøytet frå Meierilaget til Reidar Rossnes står at dei òg har seld meieribygningen. Det er i tinglyste kjøpsavtalar og skøyte ikkje funne haldepunkt for at ishuset er seld. Dette tilhøyrer med andre ord framleis Hella Meieris interesselag. Ishuset vil, som kaien, ha kulturhistorisk verdi, både som bygning og som minne om verksemd og aktiv forretningsdrift. Vi vil òg peike på at det er presisert i kjøpskontrakten mellom Reidar Rossnes og Uthella gard at det ikkje følgjer rettigheter med eigedomen 32/14. Den same formuleringa finn vi i skylddelingsforretninga og skøytet av 1915.

I skylddelingsdokument frå 1915 vedr. 33/22 finn vi at parsellen er delt i to delar, i ein nordre og ein søndre del, ein på kvar side av bygdevegen. Når vi skal prøve å finne parsellen sin «søndre del» etter skildringa i skylddelingsdokumentet, undrar vi oss over om denne delen kan ha vorte «justert» inn i ein annan grunneigar sin eigedom ved eit tidlegare høve og utan vårt vitande. Dette er vi usikker på, og vi ønskjer ei avklaring. Vi reknar med at teknisk eining veit noko om dette. På bakgrunn av at vi har opplevd, og har oppdaga i ettertid, slike «overtramp» ift. eigedomar som vi er medeigarar i, vil vi åtvare mot bruken av ordninga «Grunnboksheimel etter kunngjering». Meininga med tinglysing er at forhold vedr. eigedomar skal gjerast kjend. Ordninga nemnd ovanfor kan derimot brukast også når ein helst ikkje vil gjere kjend. Slik vi ser det, vil det vere betre å oppfordre til dialog mellom grunneigarane. Det vil då vere betre grunnlag for tillit mellom naboar og til forvaltning.

Uthella kailag ønskjer med dette brevet avklaring av følgjande forhold:

- Utbyggingsplanar for eigedomen 32/14, spesielt med tanke på kloakkutslepp og tilkomst til tomten.
- Avklaring av parsellen 33/22 sin 2. del/«søndre del» slik den er skildra i skylddelingsforretning, tinglest 7.06.1915.

Vi vil be kommunen v/rådmann merke seg ønske om at kulturhistoriske verdier i området Hella kai/Sjøtræ vert registrert i ein kulturminneplan. Dette brevet vert derfor sendt i kopi til Bente Kopperdal Hervik som arbeider med kulturminneplanen. Uthella kailag vil gjerne bidra i dette viktige arbeidet.

Med helsing



Torbjørn Ellingsen

Leiar for Uthella kailag



Agnar Vågenes

Styremedlem



Unni Helle Nordberg

Skrivar

Kopi til: Bente Kopperdal Hervik